



**Sogndal  
kommune**

## **Etiske retningslinjer for Sogndal kommune**

*Vedteke i K.sak 95/0048. Revidert av rådmannen 21.03.05.*

### **1. Målsetjing**

For å styrka organisasjonen og skapa oppslutnad om kommunen sine mål er det viktig å styrka ein heilskapleg bedriftskultur i Sogndal kommune.

Bedriftskultur er dei sett av felles normer, verdiar og røyndomsoppfatningar som utviklar seg i dagleg samhandling i organisasjonen.

Mål for bedriftskulturen

å knyta medarbeidarane saman i eit godt fellesskap om felles mål og verdiar som styrker organisasjonen som lag.

Retningslinjene gjeld for alle tilsette i kommunen

Målsetjinga er at dei etiske retningslinjene vil vera med å skapa oppslutnad om felles mål og verdiar som styrker organisasjonen som lag.

### **2. Åtferd og lojalitet**

Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å oppretthalda, vidareutvikla, tydeleggjera og skapa aksept for etisk forsvarleg åtferd, samt å leggja føresetnadane til rette for praktisering av dette. Dei har også ansvar for at medarbeidarane er kjend med og etterfølgjer kommunen sine retningslinjer.

Sogndal kommune legg stor vekt på lojalitet, ærlegdom og openheit i all si verksemd. Tilsette har ansvar for å retta seg etter dette prinsippet. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt spesielt høge krav til den einskilde si etiske haldning i si verksemd for kommunen.

Alle tilsette skal vera lojale for dei vedtak som er gjort.

Alle tilsette pliktar å halda dei lover, føresegner, reglement som gjeld for verksemda i kommunen.

### **3. Teieplikt**

Alle tilsette plikter å følgje reglane om teieplikt i forvaltningslova. Vidare gjeld det særskild teieplikt for tilsette som handsamer saker etter særlover.

#### **4. Tillit**

Dei tilsette skal vera medvitne om at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen. Dette inneber at den einskilde pliktar å følgja dei etiske retningslinjene ved utføring av eige arbeid.

#### **5. Personlege føremoner**

- A. Tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som gjer den tilsette ugild i ei sak. Dersom arbeidstakar er i tvil om fordelene er i strid med retningslinjene skal næraste overordna kontaktast. Gåver som er i strid med retningslinjene skal returnerast saman med eit brev som gjer greie for kommunens reglar på dette området.
- B. Reise-, kost- og andre utgifter i faglege, tenestesak- og forretningsmessig samanheng skal dekkjast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt vedtak.

#### **6. Interessekonflikt**

Tilsette i Sogndal kommune skal unngå å koma i situasjonar som kan føra til at vedkomande kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i forhold til eige arbeidsområde i kommunen.

#### **7. Informasjon**

Opplysningar som vert motteke i samband med arbeid i kommunen, må ikkje brukast til personleg vinning, eller til skade for andre. All informasjon som blir gitt i samband med verksemd for kommunen, skal vera sakleg og korrekt.